

Interpellasjon:

Sak om produksjonskjøken i Kvam

FrP, Ap, KrF og Venstre ynskjer å sjå på ein mogleg oppstart av eit produksjonskjøken i Kvam som kan betjena dei ulike institusjonane i Kvam inklusive heimetenesta.

Per i dag har Kvam herad ein avtale med Matvarehuset AS i Bergen som varar til 30. Juni i 2026. Kvam herad har likevel høve til å sei opp avtala med 6 månaders frist.

Koalisjonen ser for seg eit produksjonskjøken som Kvam herad eig, med ekstern drivar som til dømes Hardanger AKS, med VTA-plassar og praksisplassar for språkopplæring og arbeidstrening. Eit slikt tiltak vil føra til positive ringverknadar og resultera til at Kvam kan få "maten heim" tidlegare enn skissert i vedtak 077/23.

Me bed Rådmannen koma att med ein sak som syner kostnaden samanlikna med dagens løysing og konsekvensane for vedtak 077/23 "Rett mat til rett person: mattilbod og ernæring i helse og omsorg".

Partia trur eit godt organisert produksjonskjøken vil vera eit løft for heradet som bidreg til eit heilhetlig konsept med matvertar i Strandebarm og Øystese, det påfylgjande pilotprosjektet "mat på huset" og tilsetjinga av ernæringsfysiologer. Kompetansen innan arbeid med næring for eldre og personar med helseutfordringar i institusjonane våre, vil auke betrakteleg når eit godt fagmiljø vert etablert.

For partia AP, Venstre, KrF og FrP

Gry Kyrkjeeide

Gruppeleiar Kvam FrP